

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 39

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Nedstrand

Emne: Høgtidsmat ved fameliefesta Bygdelag:

Oppskr. av: Tore Sandsgaard

Gard: Sandsgaard

(adresse): Nedstrand

G.nr. 50 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Har og tala med eldre folk

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

A Födselen.

1 Ja, men i dei siste 20 åri har det vorte meir slutt med å koma med mat. Barnet får heller eit kledsplagg ei sylvskei eller ein annan liten ting.

2 Dei kom kvar for seg.

3 Nei.

4 Dei tok til med vitjingi 3-4 dagar etter at barnet var födt.

5 Dei kom berre ein gong.

6 Like til for 50 år sidan var det graut. Det kunne vera rjomegraut, smörgraut eller risengraut med smör-
auga. Grauten var godt ströyd med sukker og kanel, men sume hadde sukker og kanel med som dei ströydde på grauten når dei sette han fram. Det hende at dei kom med sötsupa i staden for graut, då var det helst sviskesupa, Seinare vart det blautkaka av ymse slag. Det var stor stas for ungarne når det kom koner med sengmat. Det vart byte på maten for ungarne då, det var ikkje ofte dei fekk noko så godt som sengmat, og det vart jamnt rikelegt av det for det kunne koma gjerne 8-10 med mat. Istaden for graut brukaa sume å koma med gomme (dravle).

8 Så langt attende som eg kan hugsa bruka dei stein-

tyterrinar eller store fat til å ha senggraute i.

9 Nei, det var berre når det var graut, elles var det sengmat.

10 Det var berre konerne som gjekk.

11 Det var vanleg at mennene var med når det var så lang veg at dei laut köyra. Ein fann ikkje noko usömelegt med det .

12 Sendingsfolket fekk alltid traktering. Det var ingen skildnad om det var gut eller jente. Sendingsfolket vart tratera med kaffi og mat.

13 Eg har ikkje höyrt noko om det.

14-15 Ikje noko om dette heller.

16 Svart på fyrr.

17 Berre i dei seinare åri. Sjå spursmål 1 .

18 Nå har dei gjerne med blommar og ein ting til barnet.

19 Ja. Fadrane og nære skyldfolk.

20 Nei, ein sa at ein var i barnedåp.

21 -22 Har ikkje höyrt noko om det.

23 Fadrane kjem med gåver til barnet. Faddergåva. Ofte ein ting i sylv eller og pengar.

B. Födseldag.

24 Har ikkje höyrt noko om at åremålsdagen vart högtida for vaksne i eldre tider. Fyrst eit stykkje ut i dette hundraåret har dagen i einskilde huslydar vore högtida med gjestebod for born.

25 Berre når det er runde tal.

26 Sume brukar å beda inn skyldfolk og vener. Andre gjer ikkje det og då kjem folk sjölvbedne og ynskjer tillukke med dagen, og då plar det komafult hus.

Etter de eg har höyrt har ikkje runde åremålsdagar.

vore högtida fyrr eit stykkje ute i dette hundraåret.

27 Når folk vert bedne til åremålsdagen plar dei ha gåver med. Ubedne gjester har og ofte gåver med seg, blomar eller andre småting. Det hender og at fleire slår seg saman og gjev ein større ting.

28 Nei, eg har ikkje høyrt noko om det.

29 Til åremålgjestebed for borni brukar ein nå brus, ymse slag kaker og blautkaka med ljøs på. Tidlegare bruka ein sjokolade i staden for brus, men nå er det så mange born som ikkje likar sjokolade. Tidlegare var vanleg at det i vaksne gjestebed (åremålsdag) fyst var bære fram sjokolade og så kaffi, men nå plar det vera berre kaffi og smörbröd med ymse slag pålegg, lefsa vaffelkaka, ymse slag småkaker, sjokoladekaker, sitrokaker og blautkaker. Det er ikkje vanleg med ljøs i blautkakerne. Bordi er overleste med god mat.

I dei siste åri er det mange som reiser burt når dei har runde åremålsdagar. Dei tykkjer det vert for ^{bruk} mykje med slike store lag. Det er ikkje greit med maten når ein ikkje veit om det kjem mange eller få.

C Konfirmasjon.

30 Eg har ikkje høyrt om konfirmasjonsgjestebed fyrr i slutten av fyrre hundraåret, og det var mange i den tidi som sat i så små kår at dei hadde ikkje höve til å halda noko gjestebed.

31 Ja det er vanlegt. Det kom i bruk omlag i århundreskiftet.

32 Ein plar beda dei næraste skyldfolket, fadrane og læraren.

33 Har ikkje høyrt at det var vanlegt å koma med sending.

34 Ja, dei som er bedne kjem alltid med gåver. Vener og gode kjenningar sender og ofte gåver. Desse som har sendt gåver vert bedne i gjestebod ein dag etter konfirmasjonsdagen.

35 Nei ein har ikkje noko visse rettar. Ein får gjerne ei mokka kaka frå byen.

D Bryllup.

36 Eg har ikkje høyrt noko om dette.

37 Store bryllup har eg ikkje høyrt nokoom fyre 1900 med undantak av eit større bryllup som vart halde på ein fjellgard i 90 åri. Då hadde brudgomen skote så mange århanar på leik at dei hadde middag til heile laget. I min barndom var det svert lite bryllupper, eg hugsar berre eit fyre 1900. I denne tidi kunne eit bryllup vara i 2-3 dagar.

38 a Det vart gjerne 4-5.

b) ~~no~~ Fyrr dei drog til kyrkja fekk dei kaffi og *mal*. Då kom sendingane på bordet, Lefsa, gomme og annan sendingmat. Då ein kom frå kyrkja var det middag med kjøt av sau eller ungdyr som ein hadde slakta og desrt eller suppa. Seinare var det kaffi med ymse slag kakaer. I 9 tidi var det kveldsmat ofte med graut. Ut på natti var det nattmat. Rettarne då kunne vera så ymse.

c og d har eg ikkje høyrt noko om.

39 Sendingarene kunne vera av så ymse slag. Det var vanleg med gomme, lefsa og vaffelkaka. Det var ikkje noko mål på kor mykje ein skulle senda.

40 - 41 Har ikkje høyrt noko om det.

42 Dei sa både förning og sending.

43 Gjestene kom sjölv med förningen.

44-45 Har ikkje høyrt noko om dette.

46 Kona som ordna med maten kalla ein for Förestöa.

47 Nei, ein slutta kring 1910.

48 Ja, av/og til.

49 Det hender av og til.

50 Det vert mindre med bryllupsgåver då. Det er ikkje stort anna frå dei næraste.

51 Berre når det er runde tal.

Tillegg til 37 . I dei seinare åri har tilreisande vore att i bryllupsgarden til andre dagen, og då vert gjerne dei næraste skyldfolket bedne attende til middag og vert verande resten av dagen.

E Gravöl.

52 Skyldfolk, grannar og vener vart bedne. Det var ein av grannarne som gjekk kring og bad kvar einskild. var det ein mann som var död var det ein mann som bad, var det ei kvinna som var död var det ei kvinna som gjekk. Når dei kom inn i huset og skulle beda til gravferd sa dei at dei skulle helsa frå (den eller den næraste til avline) og beda ~~xxxxx~~ (dei som skulle bedast) koma og fylgja avlidne til gravi og möta t.d. kl 11. Etter 1900 la dei ofte til at det var utan "bekostning" Det tyda at dei trong ikkje ha förning med seg.

53 Etter det me eldre kann hugsa varde ikkje gravölet meir enn ein dag. Men tilreisande var over til komande dag, og då kunne dei næraste skyldfolket og verta bedne. Det var 4 måltider.

54 Dei fekk kaffi og mat fyrr dei drog til kyrkjegarden så var det middag når dei kom att. Så fekk dei kaffi når det leid på og så fekk dei kveldsmat om kvelden. Dei sat alltid til bords men det var ofte så trongt om plass at dei laut ha fleire bordsetningar.

55-56 Har eg ikkje höyrt noko om.

01051

01051

- 57 Til kring 1920 vart gravölet halde heime.
58 Hadde dei sending tok dei han med seg.
59 - 61 har eg ikkje høyrt noko om.
62 Noko ut i dette hundreåret vart det meir og meir
slutt med at gravfylgget vart bedne attende til heimen
det var berre dei næraste skyldfolket som vart bedne.
Dei andre fekk berre mat fyrr dei drog til kyrkjgarden.
I dei siste åri har det vorte til at gravferdi vert
frå kyrkja og då vert berre skyldfolk og einskilde
vener bedne til heimen.
63 Det vart slutt med det.
64 Sending held seg noko lenger til gravöl enn til
andre gjestebod.
65 Sume brukar endå å verta opp med kaffi og mat fyrr
dei dreg til kyrkjgarden, og så vert dei næraste bedne
heim etter gravferdi.
66- 67 Nei.
68 Det er berre utanbygds som vert bedne skriftleg.
69 Kring århundreskiftet. Nå går ein meir og meir over
til å beda i bladi og gravferdi er frå kyrkja, då vert
det ikkje gjestebod anna for dei nærste.
70 Nei det veit eg ikkje noko om.
71 Ja, det er vanlegt nå. ein tok til med det i 1930
åri.
72 - 74 Veit ikkje noko om det.
75 Ein las om det i bladi.